

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag 14. mai 2014 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øyvind Haraldseid.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord Rådhus, formannskapsalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.00 – kl. 16.45
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Øyvind Haraldseid (H), Bjørg Borgemyr (Krf), Nils Terje Oma (Ap) og Anders Haugland (Sp)
<b>FORFALL:</b>	Margrete Veim (Frp)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	Peder Lothe (H)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Roald Stakland - KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Rådmann Kristian Birkeland og økonomisjef Ove Eidsheim i sak 08/14
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 06/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.02.14

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 19.02.14 blir godkjent.

**Handsaming i kontrollutvalet 14.05.14**

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.14:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 19.02.14 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 07/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.05.14**

9. Statusrapport pr. mai 2014
10. K-styrevedtak 22.04.14 – Oppfølging av Øyane ASVO AS
11. Protokoll frå representantskapsmøte – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
12. Representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
13. Protokoll frå representantskapsmøte – Haugaland Kontrollutvalgssekr. IKS
14. Representantskapsmøte 21.05.14, kl. 15.00 – HIM IKS
15. Representantskapsmøte 28.05.14, kl. 12.00 – Krisesenter Vest IKS
16. Generalforsamling 02.06.14, kl. 15.00 – Haugaland Kraft AS

### **Handsaming i kontrollutvalet 14.05.14:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Rådmannen orienterte kort om Øyane ASVO.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.14:**

*Kontrollutvalet tek referatsakene 9 – 16 til orientering.*

## **SAK 08/14 VINDAFJORD KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP FOR 2013 – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.14 på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er følgd opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet 14.05.14**

Leiar innleia kort. Rådmannen orienterte og beklaga at årsmeldinga var svært forsinka i år. Han gjorde greie for hovudtala i rekneskapen. Rekneskapen viste at kommunen hadde eit svært godt økonomisk år i 2013 og at det økonomiske resultatet var godt innafor anbefalte normer.

Økonomisjefen gjorde greie for avvik frå revidert budsjett både på inntekts- og kostnadssida. Budsjett disiplinen var jamt over god. Høgast meirforbruk hadde det vore innan pleie og omsorg. Utvalet hadde spørsmål undervegs. Rådmannen og økonomisjefen svara. Revisor orienterte om deira arbeid. Det var avlevert ein rein revisjonsmelding og i årsoppgjersbrevet, som var ettersendt sakspapira, var det berre tatt opp mindre alvorlege forhold. Det gjaldt mellom anna regulering av budsjett og innestående beløp på skattetrekkkonto. Utvalet ønskte at rådmannen gjer ei tilbakemelding på revisor sitt årsoppgjersbrev innan 01.09.14.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.14:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord har ingen kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre.*

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.14 på korleis merknadene i årsoppgjersbrev er følgd opp.*

## SAK 09/14 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS- PROSJEKT – «TEKNISK SEKTOR»

### Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Teknisk sektor», hovudproblemstilling 1 eller 2 i fylgje vedlagte prosjektplan av 02.05.14 frå KPMG AS / med desse endringane: ..... Ramma for prosjektet vert sett til 220 timar.

### Handsaming i kontrollutvalet 14.05.14

Leiar orienterte om saka. Revisor presenterte og gjekk gjennom prosjektplanen. Han gjorde greie for bakgrunnen, tidsplan, samt dei to hovudproblemstillingane:

1. I kva grad har teknisk sektor skriftlege rutinar for sakshandsaming, og understøtter rutinar krav i regelverket?
2. I kva grad har teknisk sektor tilfredstillande system og rutinar knytt til offentlege anskaffingar, og vert lovpålagte krav knytt til anskaffingar fylgt?

Det var nokre spørsmål og avklaringar undervegs. Medlemmene drøfta kva for problemstilling dei skulle velje då begge problemstillingane var interessante og aktuelle. Utvalet blei samd om problemstilling 1.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.05.14:

*Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Teknisk sektor», hovudproblemstilling 1 i fylgje vedlagte prosjektplan av 02.05.14 frå KPMG AS. Ramma for prosjektet vert sett til 220 timar.*

## EVENTUELT

### Vindmølle-utbygging

Utvalsleiar tok opp ei sak om handsaminga av søknader om utbygging av vindmøller i kommunen. Han var blitt kjent med at «kommunen» hadde satt fram ønske/krav til godtgjersle/tilleggsytning frå utbygger før ein søknad ville bli handsama. Det hadde også kome fram at form/storleik på godtgjersla kunne påverke resultatet av handsaminga i politiske organ. Fleire moglege utbyggerar hadde avslutta samarbeidet grunna dette.

Utvalet var usikre på korleis saka skulle handsamas. Sekretariatet og revisor fekk i oppdrag å undersøke vidare saksgang. Utvalet ville ta saka opp igjen på neste møte.

**Neste ordinære møte: 17.09.14, kl. 15.00**

Ølen/Aksdal, 14.05.14

Øyvind Haraldseid  
Kontrollutvalsleiar

  
Odd Gunnar Høie  
Utvallssekretær